



Notat

Dato: 23.04.2014
Arkivsak: 2014/15574-1
Saksbehandlar: birhau

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oversyn over ulike utdanningsløp i Hordaland

I møte i Opplærings- og helseutvalet 19. mars 2014 vart administrasjonen beden om å leggje fram eit oversyn over dei ulike utdanningsløpa ved dei vidaregåande skulane i Hordaland.

Nettsida www.vilbli.no omtaler dei ulike utdanningsprogramma og kva tilbod som finst på dei ulike skulane i heile landet. Nettsida har ei fylkesvis inndeling. Vel først fylke, vel så eit utdanningsprogram og deretter «Skoler og lærebedrifter». Tilbodet i fylket på utdanningsprogrammet vert då presentert saman med skulane som har tilbodet.

I tillegg lagar Hordaland fylkeskommune kvart år ei eiga søkjarhandbok. Handboka har mellom anna oversikt over utdanningstilboda på dei vidaregåande skulane i Hordaland. Søkjarkatalogen vert delt ut på møte i opplærings- og helseutvalet 13. mai.